

## Skjønsslutning.

1. Gnr.32, bnr.7 får rett til å byggja veg med inntil 3 m breiyebane på gnr.32, bnr.4 fram til eige tun.
2. Eigaren av bnr.4 skal ha varsel minst 14 dagar før vegtraseen vert utstukken i marka.
3. Gnr.32, bnr.4 skal berre har rett til gangveg på den nye vegen. Dette gjeld heile vegen frå off. veg fram til bnr.7.
4. Gnr.32, bnr.4 skal betala seg inn i heile vegen frå den dag bruket tek den i bruk. Vederlaget skal fastsetjast ved skjøn om ikkje partane vert samde om noko anna.
5. Gnr.32, bnr.7 skal betala vederlag til gnr.32, bnr.4 for halvparten av det arealet utover 1 m breidd som går med til vegen på bnr.4. Vederlaget vert sett til kr. 5,- pr.  $m^2$  og skal betalast seinast 1 månad etter at vegen er ferdig.
6. Kostnader med avkøyringar på vegen som bnr.4 måtte ha trong for fell på bnr.4.
7. Vedlikehald av vegen.

Eigaren av gnr.32, bnr.52 skal ta 10 % av vedlikehaldet på den del av vegen bruket nyttar.

Resten av vedlikehaldet vert å dela likt mellom gnr.32, bnr.4 og bnr.7 frå den dag bnr.4 tek vegen i bruk. Til dess tek bnr.7 også bnr.4 sin part.

## Jordskiftekostnader

..... Sum kr. 2776,-

som vert delt med ein halvpart på kvar av bnr. 4 og bnr. 7.

Eigarane av bnr.7 har tidlegare betalt kr. 500,-. Dei skuldar nå kr. 888,-. Eigaren av bnr.4 skuldar kr. 1388,-. Summane skal vera innbetalte innan 14 dagar etter at utskrifta av rettsboka er motteken.

Retten si avgjerd i saka vert forkynt for partane ved at utskrift av rettsboka vert sendt i rek. brev til partane.

Rettsboka vart opplesen for jordskiftemeddommarane.  
Ingen merknad.


Rettsmøtet slutt  
Kvernnes, 5. august 1986.

Ole Johan Serigstad (s)

Jan Haugen (s)

Knut Nordvik (s)

Rett utskrift:



*Ragnvald Haugen*

